



	Avtaledato:	27.03.23	Arkivnr:	2022/65419
--	--------------------	----------	-----------------	------------

Gjennomføringsavtale

for prosjekt N13 fv. 565 Nordlibrekka fortau
mellom

Vestland fylkeskommune, Org. nr. 821 311

632 og

Austrheim kommune, org.nr. 948 350 823 (heretter kalt Utbyggjar)

1. Grunnlaget for avtalen

- Denne gjennomføringsavtalen er utarbeidd på grunnlag av rekkeføljevilkår i samband med Reguleringsplan 2005004 Austrheim kommunesenter.

2. Allmenne vilkår

- Denne avtalen omfattar prosjektering, grunnverv, ansvar som tiltakshavar og byggherre, finansiering, gjennomføring, overtaking og garanti.
- All informasjon og liknande som partane mottok etter at avtalen er inngått, og som kan tenkjast ha betydning for nokon av punkta i avtalen, skal utan ugrunna opphald meddelast den andre parten.
- Utbyggjar er ansvarleg for prosjektering og bygging av prosjektet på og inntil fylkeskommunen sin grunn etter godkjent reguleringsplan og etter tidsfristar i denne avtalen.
Kontaktperson hos utbyggjar: Austrheim kommune v/ Stian Marøy / stian.maroy@austrheim.kommune.no / 56 16 20 00 / 952 58 827.
- Denne avtalen ligg føre i to eksemplar der avtalepartane beheld kvar sin.

3. Ansvar

- Utbyggjar har ansvaret som følger med å vere tiltakshavar og byggherre.


Postadresse
Vestland Fylkeskommune
P.b 7900]
Org.nr 821311632

Telefon:
05557
5020 Bergen
post@vlfk.no

Kontoradresse
[Sandslihaugen 30

E-Fakturaadresse
9908:821311632

4. Skildring av prosjekt og geografisk avgrensing



Avtalen gjeld etablering av fortau forran Nordliheimen sjukeheim langs Austrheimvegen, FV 565. Fortauet er tenkt som ei forlenging av eksisterende fortau og vil ha ein lengde på ca.55 m og ei breidde på ca.3 m.

5. Finansiering

- Utbyggjar skal finansiere heile prosjektet inklusive nødvendig planlegging, prosjektering, alle byggekostnader og elles det som går fram av avtalen.
- Vestland fylkeskommune (eller konsulent innleigd av Vestland fylkeskommune) sine utgifter og kostnader for arbeid med godkjenning av tekniske planar og teknisk kvalitetskontroll mv. utover NOK 15000,- skal dekkjast av Utbyggjar.

6. Framdrift

- Arbeidet kan starte opp etter at denne avtale er undertekna, garanti er stilt og alle offentlege løyver er gitt.
- Utbyggjar skal levere ein overordna framdriftsplan for prosjektet i god tid før arbeid startar opp.

- Bindande ferdigstillingsfrist er: 01.10.2023.
- Dersom tiltaket ikkje kan overleverast som avtalt innan fastsett ferdigstillingsfrist, og dette ikkje skuldast force majeure, skal kontraktspart betale dagmulkt til Vestland fylkeskommune pålydande kr 1.500,- pr kvardag.

7. Prosjektering/byggeplan

- Det skal utarbeidast byggeplan for prosjektet i samsvar med Statens vegvesens gjeldande handbøker. Byggeplan skal utarbeidast i samsvar med handbok R700 «Teikningsgrunnlag». For konstruksjonar skal kontroll og godkjenning gjennomførast i samsvar med handbok N400 «Bruprosjektering».
- Byggeplan skal godkjennast av Vestland fylkeskommune. Byggeplanar vert godkjent på bakgrunn av opplysningar gitt av Utbyggjar. All revisjon av byggeplanar skal også godkjennast av Vestland fylkeskommune.
- Før arbeider kan starte opp, skal Utbyggjar:
 - innhente nødvendige løyver frå offentlege styresmakter, herunder byggjeløyve frå Austrheim kommune, graveløyve og arbeidsvarslingsplan.
 - syte for at nødvendige miljøundersøkingar er utført og at nødvendige tiltak vert iverksett.
- Utbyggjar skal avklare tilhøvet til private partar og offentlege etatar. All kontakt, avtalar og liknande med private, entreprenørar eller offentlege etatar skal gå gjennom Utbyggjar.
- Informasjon til naboar og andre er Utbyggjar sitt ansvar.

8. Utføring av arbeida

- Arbeidet skal utførast i samsvar med byggeplan og tekniske spesifikasjonar som har vore til godkjenning hjå Vestland fylkeskommune. Det vert elles vist til norske og internasjonale standardar og Statens vegvesen sine gjeldande handbøker.
- Arbeidet skal utførast i samsvar med krav stilt av offentleg styresmakt og eigne tiltaksplanar (Internkontrollforskriften).
- Utbyggjar skal før byggestart dokumentere overfor Vestland fylkeskommune at evt. nødvendige geotekniske og geologiske undersøkingar av vegområdet er gjennomført.
- Det må ikkje gjerast arbeid som kan svekke vegkonstruksjon, støttemurar, fundament til bruer eller liknande.

9. Kvalitetsplan

- Utbyggjar skal utarbeide kvalitetsplan for byggeplan og utføring. Kvalitetsplanen skal vise entreprenørens systematiske ivaretaking av kvalitet og skal oversendast til Vestland

fylkeskommune før arbeidet startar opp. Kvalitetsplanen skal inkludere kontrollplan som skal dekke alle arbeidsoperasjonar der det er gitt kvalitetskrav/toleransar.

- Dokumentasjon av kontroll og teknisk kvalitet av utført arbeid skal vere i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker og skal fortløpande sendast over til Vestland fylkeskommune.
- Vestland fylkeskommune skal elles varslast for å kunne kontrollere alle arbeidsoperasjonar der produkt vert tildekka.
- Vestland fylkeskommune har alltid rett til å gjennomføre teknisk kvalitetskontroll av arbeidet.

10. Byggherre – HMS

- Utbyggar står som byggherre jf. byggherreforskrifta.

11. Byggemøter

- Vestland fylkeskommune skal inviterast til byggemøter og skal ha referat frå byggemøta.

12. Grunnerverv

• Erverv av grunn

Utbyggar skal gjennomføre og koste naudsynt erverv av grunn til tiltaket. Naudsynt grunnerverv følger av reguleringsplan og/eller kart og går i tillegg fram av ervervsteikningar utarbeidd som ein del av byggeplanen, kfr. pkt 7.

• Oppmåling

Utbyggar skal sørge for og koste naudsynt oppmåling av nye eigedomsgrenser. Frist for rekvisisjon av oppmålingsforretning er 2 veker før overlevering. Kopi av rekvisisjon av oppmålingsforretning skal sendes til fylkeskommunen og skal vere fylkeskommunen i hende før overlevering.

Utbyggar får med denne avtalen fullmakt til å rekvirere oppmålingsforretning i samsvar med reguleringsplan (PBL SAK 10 §4.3) for oppmåling av dei erverva areal som skal verte framtidig fylkeskommunal veggrunn. Det vert og gjeve fullmakt til naudsynt søknad om deling av eigedom der ein eventuelt heilt eller delvis, ikkje er i samsvar med reguleringsplan.

Vestland fylkeskommune skal kallast inn til oppmålingsforretninga.

• Eigedomsoverføring

Utbyggar skal gjennomføre og koste overføring av dei erverva areal som fylkeskommunen skal overta i samsvar med pkt. 11.1 og 11.2 seinast innan 1 år etter overlevering. Aktuelle areal skal overførast til fylkeskommunen utan hefte.

Overføring av eigedom kan gjerast på følgjande vis:

- Dersom aktuelle areal grensar til eit gnr./bnr. som høyrer til fylkesvegen kan aktuelle areal bli overført direkte til dette gnr./bnr. ved arealoverføring.
- Dersom aktuelle areal blir tildelt nytt gnr./bnr. ved oppmålingsforretninga og vilkåra i tinglysingsloven § 38 b er oppfylt kan fylkeskommunen eigenerklære seg som eigar av nytt gnr./bnr.
- Dersom aktuelle areal blir tildelt nytt gnr./bnr. ved oppmålingsforretninga kan gnr./bnr. skøyttast over til fylkeskommunen

13. Dokumentasjon

Seinast to veker før overtaking skal følgjande sluttdokumentasjon leverast til Vestland fylkeskommune:

- Dokumentasjon av kvalitet.
- Leveranse av digitale ferdigvegsdata av FKB (FellesKartBase) og NVDB (Nasjonal VegDataBank) som spesifisert i "Objektliste for ferdigvegsdata til kart og Nasjonal VegDataBank (NVDB)". Data skal leverast på standardformat i samsvar med Statens kartverks produktspesifikasjonar for felles kartdatabase (FKB) og spesifikasjonar for NVDB. [Lenke til Objektliste - dataleveranse til FKB-kart og NVDB | Statens vegvesen](#)
- Som-bygd teikningar skal leverast i samsvar med handbok R700. For konstruksjonar skal som- bygd teikningar og IDV-plan leverast i samsvar med handbok N400.

14. Overtaking

- Arbeida skal overtakast av Vestland fylkeskommune for den delen av prosjektet som skal vere del av fylkesveganlegg.
- Det skal haldast overtakingsforretning når alle arbeida er utført i samsvar med denne avtalen.
- Overtaking skal finne stad etter synfaring på bar mark, etter skriftleg forvarsel på 2 veker, seinast 3 mnd. etter at arbeidet er ferdig. Ved overtaking skal avtalepartane i fellesskap underteikne overtakingsprotokollen.
- Vestland fylkeskommune har rett til å ta anlegget i bruk ved tidlegare ferdigstilling enn det som er kontraktsfesta.

15. Garanti/reklamasjon

- Dersom anlegget ikkje vert fullført i samsvar med denne avtalen, står Vestland fylkeskommune fritt til, for Utbyggjar si rekning, å fullføre anlegget eller å tilbakeføre vegområdet til opphavelig utsjånad og funksjon. Krav om dette må fremjast seinast 1 mnd etter ferdigstillingsfrist.
- Utbyggjar forpliktar seg til i ein periode på 5 år etter overtaking (utan kostnader for Vestland fylkeskommune) å rette opp manglar som skuldast prosjektering, utføring eller

andre tilhøve som Utbyggjar heftar for. Vestland fylkeskommune må fremje krav om retting innan rimeleg tid etter at mangelen er eller burde vore oppdaga, og seinast innan utløp av reklamasjonstida. Er ikkje mangelen retta innan frist fastsett av Vestland fylkeskommune, kan Vestland fylkeskommune ordne med retting for Utbyggjars rekning.

•

16. Forsikring, risiko og meirkostnader

- Utbyggjar skal halde forsikra det som til ein kvar tid er utført av tiltaket.
- Utbyggjar skal ha ansvarsforsikring. Forsikringa skal stillast på vanlege vilkår og skal dekkje skade han og hans entreprenør og underentreprenør kan påføre person og ting i samband med utføring av tiltaket.
- Utbyggjar skal levere kopi av forsikringsbevis før arbeidet kan setjast i gang. Vestland fylkeskommune skal oppdaterast med kopi ved endringar og fornying av forsikringsbevis.

17. Tvistar

- Tvistar mellom partane skal søkjast løyst i minnelegheit. Dersom ein ikkje oppnår løysing, skal tvisten avgjerast ved ordinær rettsgang.

18. Dokument i saka

- Godkjentbrev av:
- Godkjente teikningar jamfør teikningsliste
- Retningslinjer for framføring av kablar, leidningar og graving i offentleg veg, sjå 'www.vegvesen.no'. [Lenke til www.vegvesen.no sine sider om gravemelding og retningslinjer](http://www.vegvesen.no)

Stad/dato:

Stad/dato: Austrheim/27.03.23





sign./ Cathrine Haugen Botnevik

sign/ Rolf Henning Myrmed

Vestland fylkeskommune

Austrheim kommune

Org. nr. 821 311 632

Org. nr. 948 350 823